

Riksantikvaren  
Postboks 8196 Dep.  
0034 OSLODato: 17.02.2014  
Dykkar ref.:  
Vår ref.: 2014/11423-2

## Varsel om oppstart av fredingssak for Gamle Vossebanen, Bergen kommune. Høringsmerknad

Me viser til varsel om oppstart av fredingssak (forskriftsfreding) for Gamle Vossebanen mellom Trengereid og Midtun.

Hordaland fylkeskommune meiner jernbanetraseen til Vossebanen/Bergensbanen er eit særst verdifullt kulturminne. Jernbaneanlegget er både eit viktig teknisk kulturminne og eit sentralt vitnesbyrd om moderniseringa og nasjonsbygginga på 1800-talet, medan samspelet med landskapet bidreg til unike opplevingsverdiar. Fylkeskommunen sluttar seg også elles til den vurderinga av kulturminneverdiane som ligg i oppstartsvareselet si grunngjeving av fredinga. Baneanlegget har nasjonal kulturminneverdi, både i seg sjølv og som representant for hovudlinene i det norske jernbanenettet, og det er soleis et godt fredingsobjekt.

For å bevare dei særskilte kulturhistoriske og opplevingsmessige verdiane til eit historisk jernbaneanlegg er det viktig at eit lengre, samanhengande strekk vert freda. Den tiltenkte avgrensinga av fredinga, frå Midtun til Trengereid, synast i så måte høveleg. For å sikra vern av eit mest mogleg heilskapleg kulturminne er det òg ei styrke at fredingsforslaget på det meste av strekninga vil omfatta alle element knytte til jernbaneanlegget.

Fredingssaka kjem i rette tid, jf. det pågåande arbeidet med konseptvalutgreiing for veg og jernbane mellom Voss og Arna, og debatten om nye baneløysingar meir generelt. Det vil vera ein stor fordel om ein vedteken freding av jernbanestrekninga Midtun-Trengereid ligg føre som ein fastlagt premis for den vidare planlegginga av framtidig jernbanedrift mellom Bergen og Austlandet.

Med helsing

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Sakshandsamar: Erlend Hofstad

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*